

Oppdragsgiver: **Vanylven kommune**
Oppdragsnr.: **5209709** Dokumentnr.: **01**

Til: Vanylven kommune
Fra: Norconsult AS
Dato: 2021-10-13


► Alternativvurdering - aktuelle tiltak som nyttar masser frå Stad skipstunnel

Stad skipstunnel er vedtatt utbygd med Kystverket som byggeherre. Bygginga startar 2022 og prosjektet skal ferdigstillast 2026. Tiltaket vil generere eit stort masseoverskot, om lag 3 millionar m³ faste masser. Reguleringsplanen sin konklusjon når det gjeld deponering av masser er at alle masser som ikkje vert nytta på areal som er regulerte og har naudsynt byggeløyve for utfylling, vil bli lagt i permanent deponi i Moldefjorden.

Stein er ein ikkje-fornybar ressurs som kan bearbeidast og gjenvinnast til pukkprodukter og andre kvalitetsmasser som nesten alle byggeprosjekt er avhengig av. Avhengig av kvalitet på råstoffet er det mange bruksområde for kvalitetsmasser. Uttak av pukk frå steinbrot o.l. medfører miljø-, ressurs- og klimaulemper. Ved gjenvinning av masser vert desse ulempene redusert:

- sparar ikkje-fornybare naturressursar
- mindre naturinngrep
- mindre mengde må deponerast
- deponia kan nyttast til anna avfall som ikkje kan nyttiggjerast
- redusert transportbehov
- redusert klimabelastning

Ein god praksis for berekraftig utnytting av stein frå tunnel- og anleggsprosjekt er å etablere ein heilheitleg produksjons- og bruksstrategi som tek utgangspunkt i kortreist Stein og ei grundig vurdering av kvar og korleis den kan nyttiggjerast. Berekraftig masseforvaltning bør basere seg på hierarkiet i ressurspyramiden, sjå figur. Det optimale er å redusere mengda overskotsmasser så langt det let seg gjere. Deretter bør ein fokusere på gjenbruk og gjenvinning. Dersom dette ikkje er mogleg, kan massene brukast til utfyllingsformål på land eller i sjø. Når alle andre metoder er forsøkt vil det likevel i mange tilfelle vere igjen ein rest som ikkje er mulig å utnytte og som må deponerast.



Krav til område som kan nyttast til direkte deponering av masser fra Stad skipstunnel

Kystverket har oppmoda tilliggande kommuner å finne samfunnsnyttige måter å handtere masseoverskotet på. Kystverket har så langt tilbydd at masser kan fraktast sjøvegen til tiltak som ligg inntil 10 nautiske mil fra anleggsområdet, men har nyleg signalisert at dei vil kunne frakte masser endå lengre.

Kravet til Kystverket er at område som ønskjer massar fra Stad skipstunnel sjølv syter for å ha areala regulert og klare til mottak. Når reguleringsplanen for Stad skipstunnel vart vedtatt i 2016 var det berre Fiskå i Vanylven kommune som ein rekna som eit område der masser frå skipstunnelen kunne nyttast, då berekna til eit volum på om lag 1 mill. m³.

Det er kommunen sitt mål at Stad skipstunnel skal gi positiv synergি for lokalsamfunnet. Kystverket krev at områda skal vere ferdig regulert i juni 2022 for at dei skal inngå i Kystverket sine planar for deponering av masser. Vanleg tidsbruk for ein reguleringsplan er normalt 12-18 månadar frå planinitiativ vert sendt inn til vedtatt reguleringsplan ligg føre. Ved krav om planprogram og ev. motsegn må det pårekna lengre tid. Det er døme på at planarbeid kan gå raskare, men då føreset det at ein regulerer i tråd med overordna plan og at konfliktnivået og dokumentasjonsbehovet er lavt. For utfylling i sjø er dette sjeldan tilfelle. Det er med andre ord lav realisme i å få regulert nye område for utfylling innan juni 2022. Då vil det i realiteten berre vere område der gjeldande reguleringsplan gir høve til deponering eller påstarta reguleringsarbeid som vert ferdigstilt før juni 2022 som er aktuelle for direkte deponering av masser.

Område med gjeldande planar med høve til utfylling:

- Fiskåholmen
- Åheim vest småbåthamn

Område der planarbeid har starta opp:

- Thue-krysset
- Åheim sentrum
- Klovningen hamn

Alternativ til direkte deponering

Eit alternativ til at massene vert deponert direkte der dei skal nyttast er at dei vert lagt i ein ressursbank for masser og deretter vert frakta vidare til aktuelle tiltak etter kvart som dei vert klargjort for utfylling. Saman med nabokommunene bør Vanylven mellom anna vurdere om det kan setjast av areal til ein felles ressursbank for masser. Dette arealet bør lokaliserast slik at masser både kan lagrast og bearbeidast (knusing, sortering, ev. asfaltverk, m.m.) Ref. [Tverssektorielt prosjekt om disponering av jord og stein som ikke er forurensset - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#). Stad kommune er i gang med dette arbeidet, og kommunene bør så snart som mogleg vurdere om dette bør vere eit felles prosjekt og om ein bør ha ei samordna tilnærming i kontakta med Kystverket.

Eit gjenvinningsanlegg for massar kan gi steinprodukt i forskjellige fraksjonar, altså med forskjellig kornstorleik og kornform. Moderne pukkverk leverer ofte fleire tenester t.d. logistikk for leveransar av ferdige masser til veganlegg og byggeprosjekt. Eit gjenvinningsanlegg kan også gi moglegheit for mellomlagring og gjenvinning av brukta asfalt, eller drift og deponi for dei fraksjonane som kan ikkje kan gjenvinnast (reine eller forureina).

Ved etablering av ressursbank må ein pårekne at kostnadene ved omlasting og transport vil måtte dekkast av utbyggjar.

Område som kan vere aktuelle for slik arealbruk er område som i kommuneplanen sin arealdel er vist som massetak. Til desse er det knytt følgande føresegn: *I område sett av til område for råstoffutvinning kan*

arbeid og tiltak som krev løyve etter plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter ikkje finne stad før området inngår i ein detaljplan. I område der uttak av råstoff har vore gjennomført som dagbrot er det hove til å deponere reine massar i brotet. Bruk av tidligare masseuttak som deponi føresett at deponering ikkje går utover dei volum som har vore teke ut, og at terrenget blir rehabilert når kapasitetsgrensa er nådd.

Området på Fiskåholmen kan også ha potensiale til å vere ein ressursbank. Eit slikt tiltak vil ha behov for dispensasjon fra gjeldande reguleringsplan. Myndigheter kan ev. stille krav om planlegging etter plan- og bygningslova i samband med ein dispensasjonssøknad.

Dersom kommunen ynskjer å vurdere desse områda nærmare, må ein gå i dialog med grunneigarar samt avklare med myndigheter kva krav dei vil stille til dokumentasjon.

Overordna vurderingar av behov - Kva areal er etterspurt i kommunen?

Basert på kjennskapen til området, planstatus og avdekte problemstillingar så vert det tilrådd at ein samtidig som ein utarbeider planar for konkrete tiltak, gjer overordna vurderingar.

Kommunen vurderer at det er eit potensiale for nye næringar knytt til marine og maritime lokalitetar. Dette bør kommunen legge til rette for. I eit slikt arbeid bør dagens og framtidige aktørar involverast. Her bør ein sjå nærmare på kva verksemder som har utvidingspotensiale, kva nye satsingar som kan vere aktuelle og korleis kommunen skal tilrettelegge for å få ønska utvikling. Innbyggjarar og politikarar har etterspurt næringsområde på Åheim, Åram og Fiskå. Kommunen bør ha en strategi for kvar i kommunen den primære nærings- og industriksatsinga skal vere.

I tillegg ser ein eit særleg stort potensiale for reiselivsutvikling. Kommunen bør legge til rette for ei satsing på reiseliv, men det vil vere private aktørar som er dagens og framtidige aktørar og desse må involverast. Kommunen treng innspel til kva verksemder som har utvidingspotensiale, kva nye satsingar som kan vere aktuelle og korleis kommunen skal tilrettelegge for å få ønska utvikling. Kommunen bør ha ein strategi for kvar i kommunen den primære reiselivssatsinga skal vere.

Ei anna avklaring som vil vere viktig er framtidig rutebåt og stoppestadar for denne. Dette bør vere regional vurdering, men Vanylven må ta stilling til kva som er viktig for kommunen dersom ei slik etablering vert aktuell.

Kommunen bør nytte den føreståande rulleringa av arealdelen til å gjere overordna vurderingar av arealbruk i Vanylven.

Kriterie for vurdering av aktuelle område for bruk av masser frå Stad skipstunnel

Det er vurdert kva områder som kan realiserast med masser frå Stad skipstunnel enten frå massebank eller direkte deponering dersom Kystverket opnar opp for det, også for tiltak som ikkje er ferdig regulert i juni 2022.

Det kjem opp mange initiativ; både private og kommunale. Det vert difor tilrådd at ein gjer likeverdige innleiande vurderingar av tiltaka før ein avgjer om kommunen skal tilråde å gå vidare med alternativet. Følgande kriterie er aktuelt å vurdere:

- Arealbruk
 - Vil alternativet innebere ein arealbruk i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, gjeldande reguleringsplan og/eller eksisterande bruk av området med tilliggande areal?
 - Kor realistisk det er å få ein godkjent reguleringsplan for tiltaket?
 - Tilkomst/lokalisering ift. andre relevante funksjonar


Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.: 5209709 Dokumentnr.: 01

- Konfliktpotensiale
 - Miljøverdiar (naturmangfold/naturtyper, landbruk, friluftsliv, kulturminner mm),
 - Lokale, regionale og statlege retningslinjer, m.m
- Gjennomførbarheit
 - Tekniske føresetnadar som grunnforhold, skredfare m.m.
 - Kostnadars ved tiltaket/investeringsbehov
- Avhengigheit/rekkefølge
 - Vil tiltaket vere avhengig av masser frå Stad skipstunnel for å bli gjennomført?
 - Må andre tiltak gjennomførast før alternativet kan byggast ut/er attraktivt?
 - Vil tiltaket vere i konkurranse med etablerte og/eller planlagte tiltak?

Vurderte tiltak

Kommunen har peika på fem område som er vurdert nærmere etter kriteria over. Desse er vist på figur under:



Årumsundet hamn

Det vert her vurdert om området er eigna som næringsareal og kai.



Vurdering av behov:

- Tiltaket legg til rette for sjønære næringstomter og kaiplassar. Dette er i tråd med kommunen si satsing på marine og maritime næringar
- Det er ikkje andre kjente behov som skal dekkast på dette arealet.
- Kommunen har tilgjengeleg sjønært næringsareal på Eidså. Dette arealet vil ligge nærmere skipsleia.



Arealbruk og planmessige forhold:

- Tiltaket er ikkje i samsvar med arealbruk i gjeldande arealdel i kommuneplanen (området er avsett til offentleg og privat tenesteyting), men sidan utfyllinga er inngår i arealdelen, kan området truleg nyttast til næring utan at ny arealdel er vedtatt.
- Det må utarbeidast reguleringsplan før tiltaket kan gjennomførast.
- Det må utarbeidast søknad om utfylling i sjø (kan delvis gå parallelt med reguleringsplan)
- Dokumentasjon av grunnforhold, forureining og naturmiljø må føreligge før søknad om utfylling kan godkjennast – vil gi nyttig informasjon til planarbeid.
- Med oppstart av planarbeid på slutten av 2021 og relativt stort behov for dokumentasjon vil ein reguleringsplan truleg kunne bli vedtatt tidlegast første halvår 2023. Godkjenning av søknad for utfylling kan vere realistisk 4-6 månadar etter godkjent reguleringsplan. Deponering av masser kan då tidlegast starte mot slutten av 2023.

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 5209709 Dokumentnr.: 01

Konfliktpotensiale:

- Kulturminne
- Arealbruk (nærleik til kyrkje)
- Friluftsliv på land og i sjø
- Naturmangfold. Det er registrert eit dyrefredningsområde (gul skravur under) i 1988, men arealdelen er godkjent etter dette. Det er mange registrerte naturtyper i sjøen rundt det foreslalte tiltaket (registrert i 2019). Det vil i samband med reguleringsplanarbeid bli stilt krav om at konsekvensane for desse naturtypene vert utgreidd.



Gjennomførbarheit:

- Grunnforhold må undersøkast
- Stormflonivå og havnivåstigning (utgreiing for Larsnes føreligg, så fjorden er godt undersøkt noko som forenklar arbeidet).
- Sedimentundersøkingar vil vere nødvendig i samband med utfyllingssøknaden og bør gjennomførast allereie når det skal utarbeidast konsekvensutgreiing.
- Reguleringskostnadene vil truleg vere 1-2 mill inkl. søknad om utfylling i sjø. Vanylven sitt næringssselskap har estimert at investeringskostnadane etter utfylling vil vere 5-10 mill. Kostnadene til kai vil kome i tillegg (20-30 mill for kai med 50 meters lengde).
- Området har dårlig infrastruktur.
 - o Fylkesveg 5854 til/frå Åram er smal
 - o Det må byggast betre vegtilkomst frå fylkesveg.
 - o Det må leggast fram vassforsyning og fiber frå knutepunkt ved Åram skule.
 - o Tiltaket krev truleg etablering av trafoanlegg for straum

Massebehov:

Stort massebehov (anslått til 600 000 m³) og vil vere avhengig av masser frå Stad skipstunnel. Med så stort massebehov vil direkte deponering truleg vere det einaste aktuelle alternativet. Tilkøyring frå ein ressursbank vil gi stort transportbehov og tilsvarende kostnad.

Notat

Oppdragsgiver: **Vanylven kommune**
Oppdragsnr.: **5209709** Dokumentnr.: **01**

Klovningen

Det vert her vurdert om området er aktuelt for gjestehamn, hurtigbåtkai, småbåthamn og bubilcamping.



Vurdering av behov:

- Det er etterspurnad etter småbåtplassar frå både hytteutbyggjarar og innbyggjarar i Vanylven
 - Kommunen har ikkje gjestehamn. Det er vurdert at Klovningen er eigna til føremålet.
 - Gjestehamn/småbåthamn kan gi grunnlag for bevertning/servicefunksjonar/lager
 - Det er ei rekke reiselivsbedrifter på Hakallestranda og dette kan vere eit godt supplement til eksisterande tilbod.



Det er ikke hensiktsmessig å etablere hurtigbåtkai i eit område med få bustadar og arbeidsplassar, sjå figur til venstre som viser bustadkonsentrasjon. (Gult er spreidd, oransje og raudt er tettare. Klovningen er markert med rosa.)

Oppdragsgiver: **Vanylven kommune**

Oppdragsnr.: **5209709** Dokumentnr.: **01**

Arealbruk og planmessige forhold:

- Tiltaket er i samsvar med gjeldande arealdel i kommuneplanen.
- Tiltaket bygg vidare på dagens bruk av området.
- Det må utarbeidast reguleringsplan før tiltaket kan gjennomførast. Det er varsle oppstart. Behov for dokumentasjon er avgrensa. Ein reguleringsplan vil truleg kunne vere vedtatt tidlegast sommaren 2022. Godkjenning av søknad for utfylling kan vere realistisk 4-6 månadar etter godkjent reguleringsplan. Deponering av masser kan då tidlegast starte mot slutten av 2022
- I samband med planarbeidet må det vurderast om eksisterande molo kan/bør utvidast eller om utforminga bør vere annleis.
- Skredfare må vurderast - akseptabel risiko må dokumenterast
- Det må utarbeidast søknad om utfylling i sjø (kan delvis gå parallelt med reguleringsplan)
- Dokumentasjon av grunnforhold, forureining og naturmiljø må foreligge før søkand om utfylling kan godkjennast. Det vil gi nyttig informasjon til planarbeid dersom det vert gjennomført parallelt.

Konfliktpotensiale:

- Kulturminne i sone for gamal strandlinje
- Landbruk

Gjennomførbarhet:

- Området ligg i aktsemdsone for fleire skredtyper – akseptabel risiko må dokumenterast
- Grunnforhold må undersøkast
- Stormflonivå og havnivåstigning
- Reguleringskostnadene vil truleg vere 1 mill inkl. søknad om utfylling i sjø. Vanylven sitt næringsselskap har estimert at investeringskostnadene etter utfylling vil vere 5-10 mill.
- Området har därleg infrastruktur.
 - Fylkesveg 5854 til/frå Klovningen er smal
 - Det må byggast betre vegtilkomst frå fylkesveg.
 - Det er ikkje avklart om det er behov for ny infrastruktur for vatn, avløp og fiber
 - Tiltaket krev truleg etablering av trafoanlegg for straum

Massebehov:

- Massebehov på 50 000m³. For bygging av molo vil ein vere avhengig av masser frå Stad skipstunnel for å bli gjennomført, men tiltak på land kan gjennomførast uavhengig. Det kan vere aktuelt å nytte masser frå ressursbank.

Børholmen/Breivika

Det vert her vurdert om området er aktuelt som ventehamn, gjestehamn og servicefunksjonar. Reiselivsfunksjonar som hytter og hotell vert også vurdert.



Vurdering av behov:

- Kystverket opplyser (i møte 29. sept.2021)om at dei ikkje vil etablerer ventehamn som ein del av prosjektet Stad skipstunnel. Dei vurderer at det kan vere eit behov for denne funksjonen for småbåtar.
- Kommunen har ikkje gjestehamn andre stadar. Det er vurdert at Klovingen ein betre lokasjon for denne funksjonen enn Børholmen/Breivika. Ei større satsing på reiseliv i området kan gi eit anna grunnlag for etablering enn dagens situasjon tilseier.
- Området ligg nær skipstunnelen, så venehamn med ulike service- og kaifunksjonar for båttrafikk kan vere ei aktuell etablering.
- Det er ikkje etablerte verksemder knytt til reiseliv i dette området. Nye etableringar bør først skje etter ei overordna vurdering, t.d. rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Arealbruk og planmessige forhold:

- Tiltaket er ikkje i samsvar med gjeldande arealdel i kommuneplanen og det er ikkje liknande funksjonar i området per i dag. Ei rullering av kommuneplanen bør avgjere om det bør etablerast reiselivstilbod i området.
- Det må utarbeidast reguleringsplan før tiltaket kan gjennomførast. Denne bør i første omgang ev. berre omfatte kai- og servicefunksjonar.
- Skredfare må vurderast - akseptabel risiko må dokumenterast
- Det må utarbeidast søknad om utfylling i sjø (kan delvis gå parallelt med reguleringsplan)
- Dokumentasjon av grunnforhold, forureining og naturmiljø må føreligge før søknad om utfylling kan godkjennast – vil gi nyttig informasjon til planarbeid.
- Med oppstart av kommuneplanen sin arealdel i 2022 og ferdigstilling av den i siste halvdel av 2023, så kan reguleringsplanarbeid starte på slutten av 2023. Med relativt stort behov for dokumentasjon vil ein

reguleringsplan truleg kunne bli vedtatt tidlegast første halvår 2025. Godkjenning av søknad for utfylling kan vere realistisk 4-6 månadar etter godkjent reguleringsplan. Deponering av masser kan då tidegast starte mot slutten av 2025.

Konfliktpotensiale:

- Kulturminne – gravrøyser registrert – potensiale for funn i gammal strandsone
- Landbruk
- Naturmangfold

Gjennomførbarheit:


- Området ligg i aktsemdsone for fleire skredtyper – akseptabel risiko må dokumenterast
- Grunnforhold må undersøkast
- Stormflonivå og havnivåstigning må vurderast
- Reguleringskostnadene vil truleg vere 1,5-2 mill inkl. søknad om utfylling i sjø. Vanylven sitt næringsselskap har estimert at investeringeskostnadane etter utfylling vil vere 5-10 mill.
- Området har dårleg infrastruktur.
 - Fylkesveg til/fra området er smal
 - Det må byggast ny vegtilkomst fra fylkesveg.
 - Kommunal sjøleidning fra Småbåthamn på Åheim må vurderast som vasstilførsel
 - Tiltaket krev truleg etablering av trafoanlegg for straum

Massebehov:

- Massebehov på 25 000 m³. For bygging av molo vil ein vere avhengig av masser frå Stad skipstunnel for å bli gjennomført, men tiltak på land kan gjennomførast uavhengig. Det kan vere aktuelt å nytte masser frå ressursbank.

Småstranda

Det vert her vurdert om området er aktuelt som fleir brukshamn/næringsområde



Aktuelt område markert med raud firkant på kart til venstre. Meir detaljert kart over området til høgre.

Vurdering av behov:

- Søndre del av Vanylven kommune manglar opparbeidd næringsareal tilknytt sjø/gjennomgangstrafikk.
- Per i dag er kan kommunen tilby sjønære areal på Eidså og areal for gjennomgangstrafikk på Lilleeidet.
- Det er etablerte, sjønære næringsareal på Fiskå og Åheim som har potensiale for utviding.
- Det er ikkje etablerte verksemder knytt til fleir brukshamn/næringsareal i dette området. Nye etableringer bør først skje etter ei overordna vurdering, t.d. rullering av kommuneplanen sin arealdel. I den samanheng vil det vere naturleg å sjå på moglegheitene for å utvide eksisterande område framfor å bygge opp nye område. Ved slike etableringer vil statlege retningslinjer gi føringar om at arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje utvikling av kompakte tettstadar, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvenlege transportformer. Småstranda tilfredsstiller i liten grad desse kriteria.
- Særleg utfordrande med Småstranda er manglende infrastruktur. Dersom ein skal etablere eit stort næringsareal vil det gi mange arbeidsplassar. Då vil det vere behov for god tilkomst for bil samt løysing for gåande og syklande.

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.: 5209709 Dokumentnr.: 01

Arealbruk og planmessige forhold:

- Tiltaket er ikkje i samsvar med gjeldande arealdel i kommuneplanen. Ei rullering av kommuneplanen bør avgjere om det bør etablerast fleir brukshamn/næringsareala i området.
- Dagens arealbruk er fritidsbebyggelse
- Det må utarbeidast søknad om utfylling i sjø (kan delvis gå parallelt med reguleringsplan)
- Dokumentasjon av grunnforhold, forureining og naturmiljø må føreligge før søknad om utfylling kan godkjennast – vil gi nyttig informasjon til planarbeid.
- Skredfare må vurderast - akseptabel risiko må dokumenterast
- Det må utarbeidast søknad om utfylling i sjø (kan delvis gå parallelt med reguleringsplan)
- Dokumentasjon av grunnforhold, forureining og naturmiljø må føreligge før søknad om utfylling kan godkjennast – vil gi nyttig informasjon til planarbeid.
- Med oppstart av kommuneplanen sin arealdel i 2022 og ferdigstilling av den i siste halvdel av 2023, så kan reguleringsplanarbeid starte på slutten av 2023. Med relativt stort behov for dokumentasjon vil ein reguleringsplan truleg kunne bli vedtatt tidlegast første halvår 2025. Godkjenning av søknad for utfylling kan vere realistisk 4-6 månadar etter godkjent reguleringsplan. Deponering av masser kan då tidlegast starte mot slutten av 2025.

Konfliktpotensiale:

- Kulturminne – potensiale for funn i gammal strandsone
- Trafikktryggleik – avkjøring fra fylkesveg med 80 km/t. Store høgdeskilnadar vil kunne medføre utfordringar
- Konflikt med etablerte fritidseigedommar
- Ikkje i samsvar med *Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging*.

Gjennomførbarheit:

- Området ligg i aktsemdsone for fleire skredtyper – akseptabel risiko må dokumenterast
- Grunnforhold må undersøkast
- Stormflonivå og havnivåstigning må vurderast
- Kan vere krevjande å få aksept for løyve til ny tilkomst til/fra fylkesveg 61.
- Reguleringskostnadene vil truleg vere 1,5-2 mill inkl. søknad om utfylling i sjø. Vanylven sitt næringsselskap har estimert at investeringskostnadane etter utfylling vil vere 5-10 mill. Kostnadene til kai vil kome i tillegg (20-30 mill for kai med 50 meters lengde).
- Området har dårleg infrastruktur.
 - o Det må byggast ny veggtilkomst fra fylkesveg.
 - o Manglar fiber.
 - o Må hente brannvatn fra sjøleidning som er lagt utanfor fyllingsområdet.
 - o Tiltaket krev truleg etablering av trafoanlegg for straum

Massebehov:


Stort massebehov (anslått til 200 000 m³), men kan nytte masser frå tilliggande massetak og vil ikkje vere avhengig av masser frå Stad skipstunnel. Ein ser likevel for seg at det midtre området kan nyttast til masselager for masser frå Stad skipstunnel

Fiskåholmen

Det er regulert utviding av næringsareal på Fiskåholmen. Det vert vurdert om området er eigna som areal for ein ressursbank i ei avgrensa periode. Planen tilrettelegg for ny hamn mot aust. Det vert vurdert om den delen av området er eigna som gjestehamn/småbåthamn og ulike reiselivsfunksjonar i tilknyting til det.



Grøn linje markerer dagens strandlinje. Det er regulert store område for utfylling utanfor dagens strandlinje.



Vurdering av behov:

- Etablert bedrift har planar for utviding av produksjon og vil ha behov for utfylling på delar av området.
- Å etablere ein ressursbank kan vere både økonomisk fordelaktig og gjere det mogleg å etablere område som ikkje er klar til utfylling når massene frå Stad skipstunnel vert tatt ut frå anleggsområdet.
- Kommunen har ikkje gjestehamn andre stadar i kommunen. Det er vurdert at Klovingen er betre eigna då den ligg i nærleiken av etablert reiselivsfunksjonar og ikkje har same konfliktpotensiale som ei gjestehamn på Fiskåholmen kan ha.
- Gjestehamn/småbåthamn kan gi grunnlag for bevertning/servicefunksjonar/lager.
- Det er ikkje etablerte verksemder knytt til reiseliv i dette området. Nye etableringar bør først skje etter ei overordna vurdering, t.d. rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Arealbruk og planmessige forhold:

- Området er regulert for utfylling til næringsareal, grøntareal og kaier. Det er gjort politisk vedtak om mottak av 1 mill. m³ masser frå Stad skipstunnel på Fiskåholmen. Det er regulert ein mindre molo og denne kan byggast i samsvar med gjeldande plan.
- Løysingane som er skissert i figur over for småbåthamn/gjestebrygger er ikkje i samsvar med gjeldande områderegulering. Dersom moloutforminga skal endrast betydeleg, må det gjennomførast ei reguleringsendring.
- Gjeldande områderegulering legg til rette for ei betydeleg utfylling rundt eksisterande industri på
- Dersom ressursbank skal etablerast må det søkast dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.
- Det må utarbeidast søknad om utfylling i sjø (kan delvis gå parallelt med reguleringsplan). Det tek erfaringsvis 4-6 månadar å få godkjent ein slik søknad. Dokumentasjon av grunnforhold, forureining og naturmiljø må foreligge før søknad om utfylling kan godkjennast. Søknad kan vere ferdig tidleg i 2022 og godkjent sommaren 2022. Det vil då vere klart for deponering av masser.
- Ei reguleringsendring for molo vil forseinkne prosessen med inntil eitt år.

Konfliktpotensiale:

- Naturmangfold – Tiltaket ligg tett på elveutløp med avsetting av sediment samt viktige naturtyper
- På Fiskåholmen kan det bli konflikt mellom utviding av næringsområde og den auka aktivitet det kan medføre opp mot gjestehamn og behova til dei som nyttar den, for eksempel på grunn av støy.
- Det er ved elveutløpet fylt ut utan løyve og ikkje i samsvar med områdereguleringa. Det kan komplisere vidare arbeid.
- Ein ressursbank kan gi ulemper i form av støy, støv, avrenning og auka transport.

Gjennomførbarheit:

- Det må vurderast om ein har tilstrekkeleg dokumentasjon av grunnforhold, forureining og naturmiljø
- Det må vurderast om stormflonivå og havnivåstigning må dokumenterast.
- Kostnadene ved søknad om utfylling er ikkje estimert då ein ikkje har oversikt over kva som føreligg av dokumentasjon.
- Investeringeskostnadane per kvadrat etter utfylling vil vere noko lavare enn for dei andre aktuelle næringsområda då ein her har utbygd infrastruktur. Kostnadene til kai vil vere tilsvarende som i andre område (20-30 mill for kai med 50 meters lengde).
- Området har god infrastruktur og nærliggande anlegg for vatn, avløp og fiber som kan knytast på.

Oppdragsgiver: **Vanylven kommune**

Oppdragsnr.: **5209709** Dokumentnr.: **01**

Massebehov:

Stort massebehov (anslått til 600 000-1 000 000 m³) og vil vere avhengig av masser frå Stad skipstunnel. Med så stort massebehov vil direkte deponering truleg vere det einaste aktuelle alternativet. Dersom ressursbank vert etablert vil området kunne ta imot endå meir masser. Tilkøyring frå ein ressursbank annan stad i kommunen eller nabokommunen vil gi stort transportbehov og tilsvarende kostnad.

Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent
04	2021-10-13	Vurdering av ressursbank inngår	siksu	perler	siksu
03	2021-10-10	Justert etter gjennomgang i kommunen	siksu	perler	siksu
02	2021-10-07	For gjennomgang i kommunen	siksu	perler	siksu
01	2021-09-15	Utkast notat til kommunen	siksu	perler	siksu

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.